



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmesteren for Svalbard

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Innsynskrav

Vi viser til din forespørsel om innsyn i dokumenter:

Innvilget:

Du har fått innvilget innsyn i dokumentet:

21/06945-5. Kopi av dokumentet er vedlagt. Dokumentet har 1 fil(er).

Informasjon om klagerett

Det er etter offentleglova § 32 jf. forvaltningslovens kapittel VI, 3 ukers klagerett på avgjørelsen/vedtaket fra mottakelsen av dette brevet. En eventuell klage stiles til Nærings- og fiskeridepartementet, men sendes Direktoratet for mineralforvaltning, Ladebekken 50, 7066 Trondheim.

Jf. forvaltningslovens § 32 skal klagen være undertegnet, klagen skal nevne det vedtak som det klages over og nevne den eller de endringer av vedtaket som man ønsker når det gjelder det vedtaket det klages over. Klagen bør også nevne de grunner klagen støtter seg til.

Vi gjør oppmerksom på den anledning de har til å kreve ytterligere begrunnelse innen tre uker fra mottagelsen av brevet jf. offentleglova § 31 2. ledd.

Vennlig hilsen

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard



EIDSVIK & SELSTAD EIGEDOM AS
Børnes 4
5463 USKEDALEN

Dato: 03.02.2022
Vår ref: 21/06945-5
Deres ref:

Minerallovas anvendelse § 3 / Konsesjonsplikt - Børnes næringsområde gbnr. 134/85 i Kvinnherad kommune

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG_NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak.

DMF har motteke førespurnad og uttale som argumentera for at anleggsarbeid med sprenging og tilrettelegging av næringstomt fell utanfor minerallovas verkeområde.

Om saka

Det er opplyst at Eidsvik & Selstad Eigedom AS er i gang med å legge til rette for næringstomter på Børnes, i samsvar med gjeldande plangrunnlag. Det er i uttale frå tiltakshavar opplyst at føremålet er å legge til rette for næringstomter. Dette vil innebere grunnarbeid, herunder sprenging for å legge til rette og planere tomtene på fastsette kotehøgder. Det opplystast at uttaket, nedsprenging og knusing/bortkøyring av masse ikkje vil strekke seg over eit lengre tidsrom enn det som er naudsynt for anleggsarbeidet, og at det ikkje er snakk om eit kommersielt masseuttak. Tilrettelegginga av næringsområdet hevdar å vere i samsvar med gjeldande reguleringsplan og kommuneplan.

Minerallovas verkeområde

Vurderinga av minerallovens verkeområde for tiltak som inneber uttak av mineralske førekomstar følgjer av § 3 andre ledd, som lyder:

«Loven gjelder ethvert uttak av mineralske forekomster. Loven gjelder likevel ikke uttak som hovedsakelig er en del av annen utnyttelse av grunnen.»

I forarbeida til lova¹ er det gjeve nærare føringar for kva moment som skal vektleggast i vurderinga som skal gjerast etter andre punktum. Det går her fram at uttak der føremålet ikkje er å nyttiggjere seg av mineralet økonomisk, i utgangspunktet ikkje vil omfattast av minerallova.

Reguleringsføremålet aleine vil ikkje vere avgjerande for vurderinga. I tilfelle der føremålet med uttaket er delt; både for økonomisk gevinst gjennom salg av masser og

¹ Ot.prp. nr. 43 (2008-2009) punkt 5.1



for tilrettelegging for alternativt føremål (f.eks. planering til bolig- eller næringsføremål), vil det avgjerande vere kva som er det hovudsaklege føremålet med utnyttinga av grunnen. Uttaket karakter, herunder varigheit og størrelse, samt kor langt fram i tid det alternative føremålet ligg, er relevante moment ved vurderinga.

DMF si vurdering

DMF har vurdert saka på bakgrunn av dei opplysningar som er gjeve i førespurnad til oss 2. november 2021 (vurdering frå advokatfirma på vegne av Eidsvik & Selstad Eigedom AS og tilhøyrande vedlegg), e-post av 8. desember 2021 og plandokument.

Området er omfatta av reguleringsplan som har vore på høyring, det går fram av planomtala at store delar av område NGU har klassifisert som ressursområde skal opparbeidast til nye næringsområde, og at det opnast for å utnytte store delar av ressursane som finst i området. Det vert i planen lagt til grunn at masseuttak skal skje over eit kortare tidsrom, og at drifta er knytt til uttak av massar i planområdet for å etablere nye næringsområde.

Det kjem frå av kommuneplan og reguleringsplan at området er tenkt regulert til næringsområde. Det opplysast likevel i høyring til reguleringsplan, som vist til ovanfor, at det er ynskjeleg å utnytte ressursane internt i området eller andre stadar i kommunen, som for eksempel til godkjent byggeplass utanfor planområdet. Uttaket har difor ein økonomisk verdi for tiltakshavar. I høyring til reguleringsplanen for området går det fram at det er ope kven og kva aktør som vil etablere seg på næringsområdet, og at planen vil utarbeidast med fleksible løysingar, men med krav til byggesøknad og rekkefølgjekrav som medfører heilskaplege og gode løysingar. Basert på dette verkar det uklart kva som er hovudføremålet med uttaket, og når ei eventuell realisering av næringsføremålet vil skje. DMF ber difor om ei utgreiing av tidsplanen for tiltaket og ytterlegare informasjon for å gjere vurderinga av om tiltaket fell innanfor minerallovas verkeområde.

DMF har mynde etter minerallova § 3 tredje ledd til å ta stilling til om uttak omfattast av lovas verkeområde, og følgjande opplysningar krevjast for å gjennomføre denne vurderinga:

- Størrelse, varigheit og framdrifta for uttak må gå fram, gjerne i form av ein massehandteringsplan. Tidsplan og når uttaket av masser er tenkt å vere realisert må utgreiast nærmare.
- Det må utarbeidast eit estimat for kor mykje masser som er naudsynt for tilrettelegging av planlagt næringsføremål, og korleis eit eventuelt masseoverskot skal utnyttast.
- Det må sendast inn kart som tydeleg viser kor det er planlagt næringsareal og kor det skal takast ut massar.
- DMF ber om at det vurderast å regulere til arealføremålet råstoffutvinning, og å nytte føresegner for å konkretisere kriterium for avslutting av uttak, og istandsetting ved overgang til arealføremålet næringsformål.



Næringsområdet ligg på ein pukkførekomst som ifølgje Noregs geologiske undersøkings (NGU) pukkdatabase ikkje er verdivurdert². DMF anbefala difor å vurdere om denne førekomsten kan nyttast.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløyning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Dragana Beric Skjøstad
seksjonsleiar

Gabriella Fure Briceno
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Gabriella Fure Briceno

Mottakarar:

EIDSVIK & SELSTAD EIGEDOM Børnes 4
AS

5463 USKEDALEN

Kopi til:

² Pukkdatabasen (NGU):

https://aps.ngu.no/pls/oradb/grus_GP_Del_fakta.fkom_besk?p_objid=171049